

**Til representantskapsmøtet**

**Saksnr.:** 4/2022  
**Dato:** 15. november 2022

**Rammebudsjett Unio 2023**

Budsjettet er laga med utgangspunkt i revisorbekrefta medlemstal per 1.1.2022, ein venta medlemsvekst på 2000 yrkesaktive medlemmer og regulering av kontingenten basert på SSB sitt anslag for lønnsauke for 2022 på 3,8 prosent.

**Inntekter:**

Kontingentinntekter inkl. medlemsvekst på 2000 yrkesaktive medlemmer og ein regulering på totalt 4 prosent	kr	-46 451 962
Leigeinntekter	kr	-17 000
Finansinntekter	kr	-93 112
Avskrivningar	kr	554 000

**Midlar til disposisjon** kr -46 008 084

**I tillegg:**

Berekna OU-midlar på 4 prosent kr -11 024 305

Utgiftene er basert på erfaringstal, halvårsregnskap 2022, Unios politiske plattform og planar for 2022-2024.

Det er lagt opp til eit budsjett i balanse.

**Kommentarar til enkelte budsjettpostar****Avdeling 1 Administrasjon**

Ein generell prisjustering på varer og tenester og løn, pensjon tilsette, pendlarreiser, husleige. Det blir også ekstrautgifter til rekruttering og innfasing av nye tilsette etter avgang i løpet av 2023.

**Avdeling 2 Forhandlingsarbeid**

Det er mellomtariffoppgjer i 2023 og det er, i høve til hovudoppgjeret i 2022, venta reduserte kostnader. Budsjett er likevel om lag på nivå med 2022 fordi det blir ekstrautgifter til eit prosjekt for oppgradering og/eller fornying av KBS (konfliktberedskapssystem).

### **Avdeling 3 Informasjon/presse**

Det blir budsjettert med om lag same kostnader som i 2022, men med ein auke for å særleg handtere sosiale medier på ein betre måte.

### **Avdeling 4 Politisk aktivitet**

Vi ventar full og normal drift under avdeling 4 politisk aktivitet. Internasjonal aktivitet har tatt seg opp etter pandemien og ulke arrangement som Arendalsveka, Pride og frukostseminar og annan fagleg aktivitet går som normalt og med ambisjon om økt aktivitet.

### **Avdeling 5 Kontingenter andre organisasjonar**

Det blir lagt til grunn ein liten kostnadsauke for 2023 samanlikna med 2022.

I OU-budsjettet er det lagt konfliktskolering, Unios verneombodskonferanse (VOK 2023), Nav-konferanse og anna tillitsvaltopplæring.

### **Styret rår representantskapet til å fatte følgjande vedtak:**

Rammebudsjett for 2023 blir vedtatt inklusive 4 prosent av forventa OU-midlar. Styret har fullmakt til å foreta naudsynte omdisponeringar i budsjettet innanfor ramma av inntektene for 2023.

Unio



Ragnhild Lied  
leiar

Saksbehandlar: Jon Olav Bjergene

Vedlegg: Rammebudsjett drift og budsjett OU-midlar

<b>Rammebudsjett – drift</b>	<b>2023</b>	2022
Inntekter	<b>-46 008 084</b>	-43 218 101
Administrasjon	<b>34 100 000</b>	32 947 000
Forhandlingsarbeid	<b>3 190 000</b>	2 963 101
Informasjon/presse	<b>1 070 000</b>	950 000
Politisk aktivitet	<b>5 418 084</b>	4 198 000
Kontingenter andre organisasjonar	<b>2 230 000</b>	2 160 000

<b>Budsjett OU-midlar</b>	<b>2023</b>	2022
Totalt forventa OU-midlar 4 prosent	<b>11 024 305</b>	10 846 000
OU-midlar stat	<b>3 485 316</b>	3 310 000
OU-midlar KS	<b>6 585 849</b>	6 550 000
OU-midlar Oslo kommune	<b>75 023</b>	66 000
OU-midlar Spekter	<b>878 117</b>	920 000